

# Årsmelding 2009

|                                             |         |
|---------------------------------------------|---------|
| <b>Om NOKUT</b>                             | side 2  |
| <b>2009 sett frå styreleiar og direktør</b> | side 3  |
| <b>Norsk utdanning</b>                      | side 4  |
| <b>Utanlandsk utdanning</b>                 | side 8  |
| <b>Informasjon og samfunnskontakt</b>       | side 10 |
| <b>Organisasjon og rekneskap</b>            | side 12 |

## Om NOKUT

NOKUT blei etablert som eit sjølvstendig kvalitets-sikringsorgan i 2003 som ein del av kvalitetsreforma i høgre utdanning. Myndigheita og verkemidla til NOKUT er regulert i lov om universitet og høgskolar og lov om fagskoleutdanning med tilhøyrande forskrifter gitt av Kunnskapsdepartementet. NOKUT sitt faglege sjølvstende inneber at vedtak i tilsynssaker og vedtak om godkjenning av utanlandsk utdanning ikkje kan overprøvast av departementet.

NOKUTs hovedoppgåver er å:

- føre tilsyn med og stimulere til utvikling av kvaliteten i utdanninga ved norske universitet, høgskolar og fagskolar
- godkjenne høgre utanlandsk utdanning etter søknad frå enkeltpersonar og informere om andre godkjennings- og autorisasjonsordningar for utanlandsk utdanning

Vårt overordna mål er å bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgre utdanning, fagskoleutdanning og godkjent utanlandsk utdanning

### **NOKUT sine hovudstrategiar**

NOKUT har definert fem overordna utviklingsstrategiar som gir hovudretning for korleis vi skal utvikle oss vidare:

- auke innsatsen for å stimulere kvalitetsutviklinga ved institusjonane
- vere meir heilskaplege, effektive og målretta i tilsynsarbeidet
- gi betre informasjon og service til brukarane våre
- styrkje dialogen med sektoren og samfunnet
- vidareutvikle ein profesjonell og heilskapleg organisasjon

## 2009 sett frå styreleiar og direktør


Vi vil oppsummere 2009 med eitt ord: Fornyning. Etter breie prosessar både internt og eksternt gjekk NOKUT inn i 2010 med ny strategi, ny organisasjonsmodell og ny profil på nettsidene.

Vår nye strategiplan er ein endringsstrategi der vi har følgd opp dei ambisiøse målsetningane for NOKUT som er uttrykt i den nye formålsparagrafen i Universitets- og høgskoleloven. Loven understrekar no vår todelte rolle: Vi skal både bidra til å sikre at kvaliteten i høgare utdanning og fagskoleutdanning tilfredsstillar nasjonale standardar, og stimulere til betre kvalitet i utdanningane. For å få til dette ser vi at vi må fortsetje å styrke dialogen med institusjonane. Samtidig arbeider vi for å bli eit meir synleg organ og for å styrkje samfunnskontakten. Det er viktig i lys av at vårt overordna mål er å bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten i utdanningane.

Strategien angir også retninga for arbeidet med å utvikle vår rolle på feltet godkjenning av utanlandsk utdanning. Dette feltet er i sterk vekst. Søknadsmengda har dei siste åra auka med 15–20 prosent i året, og vi passerer snart 4000 saker på årsbasis. Det tar vi som eit teikn på at tenestene våre er nyttige for samfunnet. Betre informasjon og brukarservice er sentrale stikkord i strategien, også på godkjenningsfeltet. Etablering av INVIA – informasjonssenter om godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning – er eit viktig element i strategien. Senteret blei offisielt opna tidleg i 2010.

Strategiplanen inneber eit stort løft for heile organisasjonen. Med ambisiøse målsetjingar og sterk vekst i saksmengda skal vi ikkje underslå at det blir krevjande å gjennomføre strategien. Sikring av tilstrekkeleg finansiering til dei til ein kvar tid viktigaste oppgåvene står sentralt på agendaen til styret og leiinga i tida framover. Vi er allereie godt i gang og gleder oss til fortsetjinga.

Oslo, juni 2010



Petter Aaslestad  
Styreleiar



Terje Mørland  
Direktør

## Norsk utdanning

NOKUT skal både bidra til å sikre at kvaliteten i norsk høgre utdanning og fagskoleutdanning tilfredsstillar nasjonale standardar og stimulere til auka kvalitet.

NOKUT gjennomfører også eigne evalueringar, utgreiingar og analysar for å frambringe, samanlikne og formidle kunnskap som institusjonane og styresmaktene kan bruke i arbeidet med å forbetre kvaliteten i utdanningane.

### Høgre utdanning

NOKUT bruker følgjande tilsynsformer: institusjonsakkreditering, evaluering av institusjonane sine kvalitets-sikringssystem, akkreditering av nye utdanningstilbod og tilsyn med etablerte utdanningar. Tilsynsmyndigheita er heimla i lov om universitet og høgskolar og lov om fagskoleutdanning. Tilsynet skjer med få unntak ved bruk av sakkunnige komitear. Det primære formålet er å kontrollere at utdanningsverksemda har tilfredsstillande kvalitet. NOKUT gir også rettleiande råd om korleis institusjonen kan vidareutvikle utdanningskvaliteten og kvalitetsarbeidet.

### Evalueringar av kvalitetssikringssystem

Norske universitet og høgskolar har sjølv ansvaret for å sikre kvaliteten i studietilboda. Institusjonane er pålagde å ha interne system for kvalitetssikring av utdanninga. Kvalitetssikringssystema skal sikre kontinuerlege forbetringar, dokumentasjon av arbeidet og skal avdekkje sviktande kvalitet. Det skal ikkje gå meir enn seks år

mellom kvar evaluering av ein enkelt institusjon sitt system for kvalitetssikring

NOKUT gjennomførde i 2009 16 evalueringar av kvalitetssikringssystema til høgre utdanningsinstitusjonar. 12 av desse fekk godkjent sitt system, medan 4 institusjonar ikkje har fått godkjent kvalitetssikringssystemet.<sup>1</sup>

Oversyn: Evaluering av kvalitetssikringssystem hos høgre utdanningsinstitusjonar i 2009

| Institusjoner                    | Kommentar                                    |
|----------------------------------|----------------------------------------------|
| Kunsthøgskolen i Oslo            | Godkjent                                     |
| Høgskolen i Telemark             | Godkjent                                     |
| Diakonhjemmet høyskole           | Godkjent                                     |
| Rudolf Steinerhøgskolen          | Godkjent                                     |
| Bjørknes Høyskole                | Godkjent                                     |
| Forsvarets Ingeniørhøgskole      | Godkjent                                     |
| Encefalon                        | Godkjent                                     |
| Arkivakademiet                   | Godkjent                                     |
| Høgskolen i Lillehammer          | Godkjent                                     |
| Fjellhaug Misjonsskole           | Godkjent                                     |
| Høgskolen i Gjøvik               | Godkjent                                     |
| Universitetet i Stavanger        | Godkjent                                     |
| Eurytmihøgskolen                 | Ikkje godkjent system – ny evaluering i 2010 |
| Høyskolen for ledelse og teologi | Ikkje godkjent system – ny evaluering i 2010 |
| Høgskolen i Staffeldtsgate       | Ikkje godkjent system – ny evaluering i 2010 |
| Norsk høyskole for helhetsterapi | Ikkje godkjent system – ny evaluering i 2010 |

<sup>1</sup> Dersom ei evaluering viser at kvalitetssikringssystemet til ein institusjon ikkje er tilfredsstillande, får institusjonen seks månadar til å rette opp dei aktuelle forholda. NOKUT vil deretter gjennomføre ei ny evaluering. Institusjonar som etter ei ny evaluering ikkje får godkjent kvalitetssikringssystemet sitt, mistar retten til å søkje NOKUT om akkreditering av nye studietilbod. Akkrediterte institusjonar mistar også den fullmakta dei etter lov om universitet og høgskular §3.3 har til sjølv å opprette nye studietilbod.

### Akkreditering

Akkreditering av høgre utdanning tek utgangspunkt i at institusjonane er plasserte i kategoriar med ulike fullmakter til å opprette utdanningstilbod på dei forskjellige gradsnivåa bachelor, master og ph.d. Institusjonskategoriane seier kva slags fullmakt institusjonen sjølv har til å opprette nye studietilbod utan å måtte søkje NOKUT om akkreditering:

- Høgskolar utan institusjonsakkreditering må søkje NOKUT om akkreditering av alle nye utdanningstilbod.
- Akkrediterte høgskolar må søkje om master- og doktorgradstilbod.
- Universitet har sjølvakkrediteringsfullmakt til å opprette utdanningstilbod på alle nivå utan å søkje NOKUT.
- Vitskaplege høgskolar har same fullmakter som universitet og høgskole på område dei har rett til å tildele doktorgrad, elles er fullmaktene som hos akkrediterte høgskolar.

### Institusjonsakkrediteringar

Ein institusjon kan søkje institusjonsakkreditering i ein annan kategori og dermed få utvida fullmakter. NOKUT vurderer om institusjonen tilfredsstillar standardar og kriterium for akkreditering i den aktuelle kategorien. Dersom NOKUT finn at så er tilfelle, er det til slutt Kunnskapsdepartementet som ut frå ei heilskapleg vurdering avgjer om ein institusjon blir flytta over i den aktuelle kategorien. Det er gjort berre eitt vedtak om institusjonsakkreditering i 2009. Høgskolen i Molde er no akkreditert som vitskapleg høgskole i logistikk.

### Akkreditering av studietilbod

Dersom ein institusjon ønskjer å opprette eit studietilbod dei ikkje har fullmakt til, må dei søkje NOKUT om akkreditering. NOKUT gjer ei fagleg vurdering av om studietilbodet fyller eit sett av standardar og kriterium.

Tal på søknader på kortare studium (dvs. studium under 2 år) og mastergradar har gått ned frå 2008 til 2009, medan søknader om akkreditering av bachelorgradsstudium og ph.d. aukar i same periode. Tal på nye søknader svingar ein del frå år til år. Det er derfor vanskeleg å lage gode prognosar for åra framover for kortare studium, bachelor- og masterstudium. For doktorgradsutdanningar er det ein eintydig tendens til auka saksvolum. Vi har indikasjonar på at denne tendensen held fram i dei nærmaste par åra, framfor alt fordi mange høgskolar ønskjer å oppnå universitetsstatus.

Tabell: Tal på søknader og vedtak om akkreditering av studietilbod for høgre utdanning i perioden 2007–2009 <sup>2</sup>

|                           | Kortare studium |      |      | Bachelorgradsstudium |      |      | Mastergradsstudium |      |      | Ph.d. |      |      |
|---------------------------|-----------------|------|------|----------------------|------|------|--------------------|------|------|-------|------|------|
|                           | 2007            | 2008 | 2009 | 2007                 | 2008 | 2009 | 2007               | 2008 | 2009 | 2007  | 2008 | 2009 |
| Nye søknader              | 6               | 13   | 7    | 5                    | 7    | 11   | 15                 | 22   | 13   | 1     | 3    | 6    |
| Vedtak: akkreditert       | 4               | 8    | 6    | 2                    | 4    | 1    | 13                 | 13   | 12   | 1     | -    | 3    |
| Vedtak: ikkje akkreditert | 1               | -    | 1    | -                    | -    | 1    | 3                  | 1    | 4    | -     | 2    | -    |

<sup>2</sup> Tal på nye søknader og vedtak samanfall ikkje nødvendigvis, sidan behandlingstida ikkje følger kalenderåret. Endringssøknader ikkje medrekna.

Gjennomsnittleg netto saksbehandlingstid for søknader omakkreditering av kortare studium, bachelorgradsstudium og mastergradsstudium var 27,5 veker. For ph.d.-søknader var gjennomsnittleg saksbehandlingstid 60 veker.<sup>3</sup> Vi arbeider systematisk med å effektivisere saksbehandlinga og håper mellom anna at innføring av søknadsfristar skal gi raskare saksbehandling. Det er i 2009 gjennomført fleire søkeseminar og sakkyndige seminar for å rettleie søkjarar og sikre ein heilskapleg behandling av søknader om akkreditering.

#### Revidering av akkrediterte studium

NOKUT kan på fritt grunnlag revidere eit akkreditert studietilbod eller ein institusjon med sikte på å sjå om kvaliteten framleis held mål etter NOKUT sine kriterium. Eit anna siktemål med revideringa er å bidra til å vidareutvikle kvaliteten. I revideringa blir det lagt vekt på det faglege nivået i utdanninga og dei dokumenterte resultatane.

I 2009 blei det ikkje igangsett revideringar. Derimot var revidering av farmasi (master og ph.d.) ved Universitetet i Tromsø i ein avsluttande fase. Endeleg vedtak blei teke av styret i desember 2009. Vedtaket var positivt for begge gradar.

#### Fagskoleutdanning

NOKUT er tilsynsorgan for utdanning ved alle norske fagskolar. NOKUT godkjenner fagskoleutdanningar etter reglane i fagskolelova og forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgre utdanning og fagskoleutdanning. NOKUT fører også tilsyn med institusjonen sitt interne system for kvalitetssikring av utdanningane. Det er berre tilbydarar som har fått godkjent fagskoleutdanning av NOKUT, som kan bruke nemninga fagskole.

#### Godkjenning av utdanningstilbod

Alle som tilbyr utdanning godkjent etter fagskolelova, er frå februar 2010 pålagde å ha eit internt system for kvalitetssikring av utdanninga. For fagskolar som søkte om godkjenning av nye utdanningstilbod, gjaldt kravet frå og med februar 2009. Godkjenningane til NOKUT i 2009 skjedde på grunnlag av innsendt dokumentasjon. Det var seks fagskolesøknader til behandling ved søknadsfristen 1. september 2009. Ein av søkjarane fekk ikkje sitt system for kvalitetssikring godkjent.

I 2009 brukte NOKUT mykje tid på å rettleie søkjarane i fagskolesektoren om nye retningslinjer for godkjenning generelt og det nye kravet om kvalitetssikringssystem spesielt. Dette var eit eige tema på NOKUT sine fagskoledagar våren 2009 og på søkjarseminaret vårt hausten 2009. NOKUT har også delteke på informasjonsmøte med enkeltskolar og sektorens nettverk og i eit landsomfattande seminar for lærarar i fagskolar.

#### Godkjenning av fagskoleutdanning

Tabell: utviklinga av saksmengde på området i perioden 2007–2009.

| År   | Nye søknader | Endringssøknader | Vedtak |
|------|--------------|------------------|--------|
| 2007 | 153          | -                | 473    |
| 2008 | 189          | -                | 392    |
| 2009 | 54           | 26               | 85     |

NOKUT kom i 2009 å jour med søknadsbehandlinga etter mange år med høge søknadsbunkar. Alle søknader om godkjenning av fagskoleutdanning var så godt som avslutta ved årsskiftet. Nokre få vedtak vil likevel komme i 2010.

Netto saksbehandlingstid for fagskolesaker var i 2009 i gjennomsnitt på 27 veker. Med netto saksbehandlingstid meinast den tida som gjekk med til saksbehandling i sakkunnige komitear og i NOKUT. Det er eit mål at total saksbehandlingstid skal ned til 26 veker i 2010.

Overgangen til nye retningslinjer, to søknadsfristar i året og koordinert framdrift i saksbehandling av alle søknadene meiner vi har styrkt likebehandling av søkjarane og effektivisert ressursbruken. Det gjeld ikkje minst fordi saksbehandlinga av ufullstendige søknader blir raskare avslutta ved at og søkjarane blir vist til neste søknadsfrist.

<sup>3</sup> Denne lange saksbehandlingstida er eit resultat av at ein av søknadene hadde ei nettotid på 85 veker. Den aktuelle søknaden var hos sakkunnige fleire gonger og blei behandla to gonger av styret. Ingen av dei tre vedtaka er innanfor måltalet. Den næraste er 42 veker netto saksbehandlingstid.

## Evaluering, utgreiing og analyse

NOKUTs evaluerings-, utgreiings- og analyseaktivitetar har som formål å frambringe og samanlikne kunnskap som kan stimulere institusjonane og myndigheitene sitt arbeid med å auke utdanningskvaliteten. Utgreiingsverksemda skal også bidra til å vidareutvikle verkemidla til NOKUT. Desse aktivitetane er, i motsetning til tilsynsaktiviteten, ikkje kopla til spørsmål om godkjenning eller eventuelle sanksjonar for institusjonane som er involverte.

### Programevalueringar

NOKUT kan etter lova ta initiativet til andre typar evaluering for å vurdere kvaliteten på utvalde område. Departementet kan også påleggje NOKUT å gjennomføre slike evalueringar, og frå 2004 har NOKUT fått i oppdrag å gjennomføre i alt tre programevalueringar.

Arbeidet med å evaluere alle landets førskoleutdanningar har pågått for fullt i heile 2009. Dette omfattar blant anna førebuing av sjølvevaluering og analyse av fagplanar og annan informasjon for alle utdanningane. Det er vidare gjennomført institusjonsbesøk ved alle dei 20 institusjonane som er under evaluering. Førskolelærarevalueringa blir avslutta med ein sluttkonferanse i september 2010.

### Analyserapportar

Det er utarbeida tre analyserapportar i 2009:

- "Tilpassing til kompetansekrav i sykepleierutdanningen". Analysen beskriv korleis institusjonane gjekk fram for å auke førstestillingskompetansen i sjukepleiarfagmiljøa i samband med NOKUT si revidering av akkrediteringar innanfor sjukepleiarutdanning.
- "Å rapportere kvalitet". Eit studium av rapportar til styret om utdanningskvalitet og kvalitetsarbeid for åra 2005, 2006 og 2007 i 18 institusjonar.
- "Praksisstudier i sykepleierutdanningen". Rapporten gjer greie for korleis praksisstudia inngjekk i det samla opplegget for revidering av sjukepleiarutdanningane. Sentralt i rapporten er ein gjennomgang av dei sakkunnige komiteane sine beskrivingar og anbefalingar knytt til kvaliteten i praksisstudia.

Strategiplanen legg opp til at NOKUT si verksemd innan utgreiing og analyse skal vere nettverksbasert. NOKUT kjem i 2010 til å inngå eit samarbeid med Database for statistikk om høgare utdanning (DBH). Samarbeidet tek sikte på å leggje til rette for betre utnytting av databasen og å arbeide med vidareutvikling av indikatorar for studiekvalitet. NOKUT arbeider også med å styrkje samarbeidet med andre aktørar.


## Utanlandsk utdanning

NOKUT skal bidra til at personar med utanlandsk utdanning får vurdert denne i forhold til norsk utdanning, og at arbeidsgivarar og lærestader får korrekt informasjon om utanlandsk kompetanse. Dette gjer vi ved å godkjenne høgre utanlandsk utdanning etter søknad frå enkeltpersonar, og ved å informere om andre norske godkjenings- og autorisasjonsordningar og utanlandske utdanningssystem.

### Godkjenning av utanlandsk høgre utdanning

Godkjenninga til NOKUT er ein såkalla generell godkjenning der nivået til og omfanget av den utanlandske utdanninga blir vurdert i forhold til det norske utdanningssystemet. NOKUT vurderer ikkje utdanninga sitt faglige innhald, men gir uttelling i studiepoeng og studieår og kan godkjenne utdanninga som likestilt med norske gradar.

Tal på søknader om generell godkjenning av utanlandsk høgre utdanning. Nøkkeltal for saksbehandling i perioden 2006 til 2009.




Talet på søknader om generell godkjenning av høgre utdanning har auka sterkt over fleire år. Frå 2008 til 2009 var auken i talet på nyregistrerte søknader på 17 prosent (jf. tabell over), og heile 59 prosent sidan 2006. Det er ingenting som tyder på at denne veksten kjem til å minke, snarare tvert imot. Med ein auke i talet på søknader på 15–20 prosent også i 2010, tyder det at forventa saksbehandlingstid blir lengre. NOKUT arbeider for å skaffe meir finansiering og tilstrekkeleg kapasitet til søknadsbehandling.


### Godkjende gradar

#### Godkjent som jamstelt med:

- Høgskolekandidatgrad
- Bachelorgrad
- Mastergrad
- Ph.d.-grad
- Ikkje gradslikestilt



### Søknadsvolum i forhold til utdanningsland for 2009:



Saker frå dei ti landa med flest søknader, utgjer ca. halvparten av saksvolumet i 2009.

### Saksbehandlingstid

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har falle frå 3,0 mnd. i 2008 til 2,8 mnd. i 2009, trass i at volumet av innkomne søknader og førespurnader har auka vesentleg. 82 prosent av sakene er ferdig behandla innan fire månader, som er Lisboa-konvensjonens krav til saksbehandlingstid.



### **Verifisering av og reaksjonar på søknader med mistenkjeleg dokumentasjon**

NOKUT vurderer alle dokument og kvalifikasjonar med tanke på autentisitet og vil prøve å verifisere informasjon som vekker mistanke om at noko ikkje er riktig. Vi gir også råd og hjelp til lærestadene i arbeidet deira med informasjonssinnhenting og verifisering.

I 2009 har NOKUT meldt ni personar for bruk av falske utdanningsdokument, to av desse har framlagt dokument frå falske universitet. Vi har vore involvert i tre rettssaker, to i Tingretten og ein i Lagmannsretten. Falske utdanningsdokument er ein felles utfordring for sektoren, og NOKUT bidrar gjerne med råd og rettleiing i arbeidet til lærestadene på dette feltet.

### **INVIA – Informasjonssenter for dei norske autorisasjons- og godkjenningsordningane**

INVIA er eit nytt nasjonalt informasjonssenter som skal informere om dei norske autorisasjons- og godkjenningsordningane. Informasjonssenteret skal representere NOKUT, høgskolar, universitet og autorisasjonskontor for sektormyndigheiter. INVIA er også informasjonspunkt for EU-direktiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for regulerte yrke.

INVIA legg opp til å bli eit ope og tilgjengeleg senter som yter god service til brukarane. Alle som vender seg til senteret, skal oppleve at dei blir svarde på ein profesjonell måte, og at dei får tilstrekkeleg og relevant informasjon.

Arbeidet med etablering av informasjonssenter for utanlandsk utdanning (INVIA) har vore i gang gjennom heile året. Fire nye medarbeidarar er tilsett, og nye lokale er bygd. Senteret blei opna i april 2010 og nettportalen for INVIA [www.invia.no](http://www.invia.no) blei lansert.

### **Anna arbeid**

NOKUT har også andre forvaltningsoppgåver innafor området utanlandsk utdanning.

Ei arbeidsgruppe der også NOKUT var representert har i ein rapport som blei levert Kunnskapsdepartementet i januar 2009, gitt råd om utbetringar i nasjonal database for godkjenning av utanlandsk høgre utdanning (NAG-databasen) som er nødvendige for å dekkje dagens behov, samt kva som trengs for å etablere ein offentleg versjon av databasen

Det er også behov for ei større omlegging av arbeidet med lista med generell studiekompetanse for utanlandske søkjarar (GSU-lista). Planleggingsarbeidet og tilsetjing av nye medarbeidarar for å styrkje arbeidet har vore i gang gjennom 2009, både internt i NOKUT og i dialog med departementet. Nytt GSU-utval og nye rutinar for saksbehandling knytta til endringar i lista vil bli implementert våren 2010.

## Informasjon og samfunnskontakt

Ein av hovudstrategiane for NOKUT er å auke dialogen med sektoren og samfunnet. Dette betyr at vi skal styrkje dialogen med utdanningsinstitusjonane. I møtet med institusjonane skal NOKUT vere oppmerksame på dobbeltrolla vår som både tilsynsorgan og bidragsytar til institusjonane sitt utviklingsarbeid. Innan godkjenning av utanlandsk utdanning vil vi leggje meir vekt på kontakt med søkjarar, arbeidsliv og andre godkjenningsaktørar. Vi vil også styrkje samfunnskontakten og gjere arbeidet vårt meir allment kjent i samfunnet ved å vidareutvikle heimesidene og styrkje dialog og nettverk med relevante samfunnsaktørar.

### NOKUT sine nettsider

#### Ny publiseringsløysing og nye nettsider i 2009

I løpet av første halvår 2009 valde NOKUT ny publiseringsløysing. Andre halvår blei brukt til å implementere den nye tekniske løysinga og utvikle nettsidene, slik at dei står fram som meir tilgjengeleg for brukarane våre. Dei nye nettsidene til NOKUT blei lanserte i byrjinga av desember. Arbeidet med å utvikle sidene kjem til å fortsetje i 2010.

### Konferansar og seminar

#### NOKUT-konferansen for høgre utdanning og fagskoleutdanning

NOKUT-konferansen blei arrangert 5. og 6. mai i Bergen. Konferansen retta seg både mot representantar frå høgre utdanningsinstitusjonar og fagskole. Viktige tema på konferansen i 2009 var vidareutdanning i samarbeid med arbeidsgivar, høgskole og fagskole, benchmarking og kvalitetssikring i praksis. Det var omlag 500 deltakarar på konferansen.

Kunnskapsdepartementet sin utdanningskvalitetspris blir delt ut på NOKUT-konferansen. Universitetet i Bergen blei tildelt førstepremien i 2009. Andre- og tredjeprisen blei tildelt respektive Høgskolen i Buskerud og Høgskolen i Gjøvik. Prisane er på totalt 1 million kroner.

NOKUT arrangerte også eit eige seminar i forlenginga av NOKUT-konferansen om Diploma Supplement. Seminaret blei arrangert i samarbeid med Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU).

#### Fagseminar om utanlandsk utdanning

Det årlege fagseminaret om godkjenning av utanlandsk utdanning blir arrangerer for dei som jobbar i sektoren med opptak og godskriving, samt andre godkjenningsaktørar. Seminaret gjekk over to dagar og hadde 130 deltakarar. Hovudtema var tidligare Sovjetunionen og arvtakarstatane etter 1991.

#### Seminar om ph.d.-utdanninga

NOKUT arrangerte saman med Universitets- og høgskolerådet (UHR) eit seminar i desember med tittelen "Hva kjennetegner god doktorgradsutdanning?". Seminaret var fullteikna og samla ca. 90 deltakarar. Formålet med seminaret var å invitere utdanningsinstitusjonane, myndighetene og andre relevante samfunnsaktørar til å presentere og diskutere kva for faktorar som er særleg viktige for å skape ei god doktorgradsutdanning. Innspela frå seminaret kjem til å bli viktige i NOKUT sitt vidare arbeid med regelverk og oppfølging av ph.d.-utdanninga.

### Internasjonalt samarbeid

NOKUT legg vekt på å forankre arbeidet sitt i internasjonale standardar for kvalitetssikring og godkjenning av utdanning. NOKUT har konsentrert det internasjonale engasjementet sitt om sentrale nordiske og europeiske nettverk og organisasjonar, med tillegg av nokre få multilaterale og bilaterale samarbeidsprosjekt med andre nasjonale kvalitetssikringsorgan.

Sentrale nettverk, organisasjonar og arenaer er:

- European Association for Quality Assurance in Higher Education (ENQA), som er den sentrale samarbeidsorganisasjonen for europeiske kvalitetssikringsorgan.
- European Consortium for Accreditation in Higher Education (ECA), som opphavleg er eit prosjektsamarbeid mellom 13 kvalitetssikringsorgan frå åtte europeiske land. Målet er å oppnå gjensidig godkjenning av medlemsorgana sine akkrediteringsvedtak.
- Nordic Network for Quality Assurance in Higher Education (NOQA)
- International Network for Quality Assurance Agencies in Higher Education (INQAAHE), som er ein verdsomspennande medlemsorganisasjon med ca. 200 medlemsorganisasjonar, der dei fleste er kvalitetssikringsorgan.
- European Quality Assurance Forum (EQAF): Ein årleg konferanse i regi av "E4-gruppa" (ENQA), dei to store institusjonssamanslutningane i Europa og den europeiske studentunionen).
- European Higher Education Society (EAIR): Ein medlemsorganisasjon med formål å fremje forskning og kunnskap om høgre utdanning og høgre utdanningsinstitusjonar.

For at NOKUT skal vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt internasjonalt nivå, krevst det at vi forankrar verksemda i internasjonale standardar for kvalitetssikring og god forvaltningsskikk, har riktig kompetanse, bruker anerkjente sakkunnige og har gode rutinar for styring og kvalitetssikring av arbeidet vårt. Vi må også ha ei open haldning til omverda og aktivt informere om prosessane og resultatane våre. Dette er ting vi har lagt vekt på i den nye strategiplanen vår, og som vi arbeider kontinuerleg med.


## Organisasjon og rekneskap

### Tilsette

#### 1. Tal på tilsette:

Fast tilsette: 56

Årsverk: 52,6



#### 2. Utdanningsnivået til dei tilsette:

● Høgre utdanning, høgre grad og doktorgrad: 76 %

● Høgre utdanning, lågare grad: 13 %

● Anna: 11 %

#### 3. Kjønnfordeling i NOKUT:

Andel kvinner er 58 %, menn 42 %.

Kjønnfordeling i leinga er på 50 % kvinner og 50% menn.


#### 4. Lønnsutgifter

Lønnsutgiftene (inkludert arbeidsgivaravgift) var i 2009 på 28,9 millionar kroner. Det utgjorde 53 prosent av NOKUT sine totale brutto driftsutgifter.

#### 5. Sakkunnige

Det blei utbetalt honorar til 210 sakkunnige i 2009. Honorar og lønnsutgifter kom på til saman 4,2 millionar kroner. Det er 8 prosent av dei totale driftsutgiftene til NOKUT.

### Organisasjonskart



## Styret

Styret er det øvste organet i NOKUT med ansvar for verksemda. Styret blir utnemnt av regjeringa for ein periode på fire år, studentrepresentantane blir utnemnde for to år. I 2009 har styret hatt denne samansetjinga:

### Medlemer:

Professor Petter Aaslestad, leiar  
 Høgskolelektor Per Tore Granrusten  
 Professor Hanne Foss Hansen  
 Direktør Per Arne Syrrist  
 Professor Inger Johanne Pettersen  
 Fagsjef Gunnar Visnes  
 Student Sine Halvorsen  
 Seniorrådgjevar Wenche Froestad (valt av dei tilsette)

### Varamedlemer:

Professor Bård Mæland  
 Forskar Karl Erik Brofoss  
 Student Solveig Tesdal  
 Seniorrådgjevar Anne Karine Sørskår (valt av dei tilsette)

Varamedlemmen frå studentane møter fast på alle styremøta utan forslags- og stemmerett.

## Klagenemnder

Kunnskapsdepartementet har utnemnt to klagenemnder for vedtaka til NOKUT, ei for høgre utdanning og ei for fagskoleutdanning. Samansetjinga av dei to klagenemndene er delvis overlappande.

**Klagenemnda for høgre utdanning** har for perioden 1. januar 2007 til og med 31. desember 2010 denne samansetjinga:

- Kjell Frønsdal, Gulating lagmannsrett (leiar)
- Margareth Christophersen, Gulating lagmannsrett (vara for leiar)
- Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag
- Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø
- Heid Leganger-Krogstad, Det teologiske Menighetsfakultetet
- Øistein Østveit Svelle, Studentenes landsforbund
- Jannicke Espeland, Norsk Studentunion

**Klagenemnda for fagskoleutdanning** har for perioden 1. januar 2007 til og med 31. desember 2010 denne samansetjinga:

- Kjell Frønsdal, Gulating lagmannsrett (leiar)
- Margareth Christophersen, Gulating lagmannsrett (vara for leiar)
- Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag
- Knut Erik Beyer-Arnesen, IT-akademiet
- Astrid Kristin Moen Sund, Utdanningsforbundet
- Eillin Bye Sævik, student, Fagskolen i Gjøvik

### Vedtak oppheva av klagenemnda for NOKUT

Klagenemnda for høgre utdanning hadde fem møte og behandla 98 saker. To av desse var klager frå norske høgskolar. I begge sakene heldt klagenemnda vedtaket til NOKUT ved lag. Dei resterande 96 sakene var klager på godkjenning av utanlandsk utdanning. Klagenemnda bad om tilleggsopplysningar i elleve av sakene. Tre av desse blei seinare omgjort i klagaren sin favør.

Klagenemnda for fagskolesaker hadde sitt første møte i 2009. Tre klager blei behandla. Vedtaket til NOKUT blei heldt ved lag i to av sakene, medan den tredje blei sendt attende til NOKUT for ny behandling.

## Rekneskap

NOKUT si tildeling for 2009 var på 48 100 000 kroner. Tildelinga blei økt frå 2008 til 2009 pga. etablering av INVIA-senteret og andre nye oppgåver innan utanlandsk utdanning.

I tillegg til dette blei det tildelt følgjande:

- Overføring av ubrukt tildeling frå 2008 på 2 341 000 kroner.
- Tildeling på 600 000 kroner til arbeidet med evaluering av førskolelærarutdanningane.

I 2009 hadde NOKUT ei inntektsside på til saman 2 192 000 kroner. Dette er ikkje ordinære inntekter, men utgiftsrefusjonar.

Driftsutgiftene for NOKUT i 2009 var 54 708 000 kroner. Justert for refusjonar var nettoutgiftene til NOKUT på 52 516 000 kroner.

I 2009 har den ordinære drifta over kapittel 0281 (post 01) gitt eit meirforbruk på 1 475 000 kroner. Årsaka til dette meirforbruket er hovudsakleg at NOKUT i 2009 måtte gjere store ombyggingsarbeid i kontorlokala på grunn av skipinga av informasjonssenter om godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning (INVIA), etablering av nye nettsider samt kostnader knytt til nyrekruttering av personell.

Tabellen under viser utgiftene og inntektene i NOKUT:

| Rekneskap (tal i 1000 kroner)                                                      | 2006          | 2007          | 2008          | 2009          |
|------------------------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Lønnsutgifter                                                                      | 18 471        | 19 147        | 21 252        | <b>25 330</b> |
| Styregodtgjering                                                                   | 840           | 685           | 870           | <b>786</b>    |
| Utvalsmedlemmer og lønna konsulentar                                               | 4 697         | 5 976         | 4 689         | <b>2 995</b>  |
| Sluttvederlag Norgesnetttrådet                                                     | 134           | -             | -             | -             |
| Arbeidsgjevaravgift                                                                | 3 176         | 3 438         | 3 539         | <b>3 920</b>  |
| <b>SUM lønnsutgifter</b>                                                           | <b>27 318</b> | <b>29 246</b> | <b>30 350</b> | <b>33 031</b> |
| Teknisk utstyr, inventar m.m.                                                      | 690           | 667           | 701           | <b>1 371</b>  |
| Kontortenester (IT, forbruksmateriell, trykkeutgifter o.a.)                        | 2 728         | 2 334         | 2 720         | <b>2 730</b>  |
| Reiser, kurs, kompetanseutvikling, representasjon                                  | 4 486         | 5 510         | 4 717         | <b>5 417</b>  |
| Bøker og fagtidsskrift                                                             | 237           | 201           | 170           | <b>263</b>    |
| Diverse (konsulentar, seminar, kantine, bedriftshelseteneste, ombygging av lokale) | 3 228         | 2 133         | 2 678         | <b>6 354</b>  |
| Leige og drift av lokale                                                           | 5 165         | -             | 5 176         | <b>5 542</b>  |
| <b>SUM driftsutgifter</b>                                                          | <b>16 534</b> | <b>4 765</b>  | <b>16 162</b> | <b>21 677</b> |
| Andre inntekter                                                                    | -             | 19            | 70            | -             |
| Motteke husleige                                                                   | -             | -             | -             | -             |
| Motteke tilskot                                                                    | 122           | 456           | 652           | -             |
| Mottekne konferanseavgifter                                                        | 890           | 1 037         | 1 104         | <b>1 269</b>  |
| Diverse lønnsrefusjonar                                                            | 958           | 753           | 1 075         | <b>924</b>    |
| <b>SUM tilskot, avgifter og refusjonar</b>                                         | <b>1 970</b>  | <b>2 265</b>  | <b>2 901</b>  | <b>2 192</b>  |
| <b>Nettoutgift</b>                                                                 | <b>41 882</b> | <b>42 591</b> | <b>43 611</b> | <b>52 516</b> |